

# TILTAKSPLAN FOR FITJARFJELLET



FITJAR GRUNNEIGARLAG  
OG  
FITJAR KOMMUNE

Utarbeidd av Johannes Sandvik/Steingard AS  
på basis av idear innhenta fra lokale lag og organisasjonar  
juli 2012

## 1. OM RAPPORTANSVARLEG OG PROSESSEN BAK DENNE RAPPORTEN

Ansvarleg utgjevar av denne rapporten er Fitjar Grunneigarlag og Fitjar kommune. Under arbeidet har ein hatt kontakt med ei rekkje foreiningar og lag (sjå punkt 18) og innhaldet i denne rapporten er i stor grad påverka av dei dialogane som har vore. Johannes Sandvik/Steingard AS har vore rådgjevar for prosjektet og utarbeidd rapporten.

Konklusjonane/tilrådingane i denne rapporten er ikkje å oppfatta som *vedtak*.

Gjennomføringsvedtak må i neste omgang gjerast av organa til dei aktørane som påtek seg ansvar for utbygging og drift.

## 2. BAKGRUNN

Utbygginga av Vindparken på Fitjarfjellet inneber ei rekke endringar. Fram til utbygginga starta har området i all hovudsak vore nytta til sommararbeite (i seinare år mest for småfe), jakt og fiske, turgåing og rekreasjon. Vassdraget til Årskogelva er regulert og har gjennom vèl 70 år vore nytta til vasskraftproduksjon. Kraftproduksjonen i Årskog var bærebjelken ved skipinga av Fitjar Kraftlag i 1935,- selskapet som har vore utviklar og pådrivar for vindkraftutbygginga på Fitjarfjellet. Fitjar Kraftlag eig 1/3 av Midtfjellet Vindkraft AS som står for utbygging og drift av Vindparken. Fitjar Kraftlag er ei samvirkeverksemd eigd av partshavarane.

I den ferdig utbygde Vindmølleparken vil det stå 44 vindmøller knytte saman av eit vegnett på 28 km. Hertil kjem trafostasjon og nytt linjenett. Det er laga ny tilkomstveg frå Rimbareidfeltet til Olstjødno.

Vindmøllene på Fitjarfjellet vert bygde for å produsera fornybar energi. Målsetjinga er ein årsproduksjon på 350 GWh; eit kraftvolum som tilsvarar dagens samla forbruk i kommunane Fitjar, Stord, Bømlo, Austevoll og Tysnes (eller 17 500 husstandar).

Vindmølleprosjektet har sett og set merke etter seg i kommunen på så mange måtar. No er vindmøllene her, og oppgåva framover må då vera å utnytta det potensialet som dette prosjektet gir. Vindmølleprosjektet har verka samfunnsengasjerande fordi me som innbyggjarar har måtta danna våre personlege oppfatningar om denne vanskelege saka. Dei fleste av oss har nok vore gjennom fasar med tru og tvil. I vårt demokratiske system er den einskilde sin konklusjon legitim og den skal møtast med respekt.

Når prosjektet no vert realisert, vil me tru at den endelege utforminga av utbygginga, fokuset på mest mogeleg skånsame inngrep, og sist men ikkje minst den økonomien som fylgjer prosjektet i stor grad er eit resultat av dei prosessane som har vore under marsjen.

Det meste av vindmølleparken er plassert på sameige-eigedom til medlemmene i Fitjar Grunneigarlag. Hittil har grunneigarane nytta området til sommararbeite og jakt/fiske. Før bilen si tid gjekk lanverts ferdsel mellom Strando og Fitjarbygda og grendene rundt over fjellet. "Kyrkjevegen" er enno kjend både som omgrep og som natursti. I seinare år har området også vore nytta til turgåing og rekreasjon. Det er merka DNT-sti frå Årskog, gjennom utbyggingsområdet og vidare til Medhammarsåto.

Det er partshavarane i Fitjar Grunneigarlag som eig grunnen i sameige-området. Partshavarane har allminnelege eigarrettar i området. I utmarksområda, - dei områda som er regulerte til LNF- føremål (Landbruk, Natur og Fritids føremål), har ålmenta lovfesta rett til ferdsel og opphald.

Den forventa årsproduksjonen av fornybar kraft vil med ein pris på 40 øre pr kwh ha ein marknadsverdi på NOK 140 mill kroner.

Vindmølleprosjektet gjev om lag slike forventa inntekter for Fitjarsamfunnet:

Eingongserstatning til grunneigarar	6,5 mill
Eingongserstatning til hytteeigarar i fjellet og til veggrunn	2,5 mill
Eingongskompensasjon til Fitjar kommune	10,0 mill
Veg til Olstjødno-område m.v.	10,0 mill
<b>Sum</b>	<b>28,5 mill</b>

Årleg produksjonsavgift til grunneigarar (forventa)	1,5 mill
Årleg eigedomsskatt til Fitjar kommune	8,5 mill
<b>Sum årlege direkteinntekter</b>	<b>10,0 mill</b>

Hertil kjem leveranseringverknader og eventuelt resultatbidrag frå Midtjfellet Vindkraft AS til Fitjar Kraftlag.

*I tillegg til at det årleg vert produsert eit betydeleg kvantum fornybar energi til ein forventa verdi av NOK 130 mill kroner, fører prosjektet med seg ca 28,5 mill i eingongserstatningar / eingongsinvesteringar som kjem lokalsamfunnet direkte til gode. Vidare kan ein forventa årlege inntekter for kommunen og grunneigarar i størrelsesorden 10 mill. Korleis prosjektet vil påverka Fitjar Kraftlag sitt årlege resultat må framtida gje svar på, men forventeninga er at også dette elementet skal bli positivt.*

Framleis kan området nyttast både til beiteland og til tur og rekreasjon og den gamle “Kyrkjevegen” ligg der han alltid har lege. Men opplevinga me får ved å gå Kyrkjevegen no, vert annleis enn den var.

Baksida av medaljen er at mange nok vil føla at området er vesentleg forringa som friluftsområde og at sjølve vindmølleanlegga har negativ estetisk verdi. Nærtliggjande område kan kanskje òg bli negativt påverka av vindmølleanlegget. Ulike sider av desse spørsmåla har vore mykje frame i ordskifta. Me vil ikkje her gå nærare inn i denne diskusjonen.

Med dette som bakteppe har Fitjar Grunneigarlag og Fitjar kommune sett seg som mål å tilretteleggja for positive, samfunnsnyttige aktivitetar i kjølvatnet av vindmølleutbyggjinga på Fitjarfjellet.



*Foto: Stein Erik Gilje, Midtjfellet Vindkraft*

### 3. VISJON

Nye, positive, samfunnsretta tiltak og aktivitetar skal så langt det er mogeleg kompensera for mogeleg negative sideeffektar av vindmølleutbyggjinga på Fitjarfjellet.

Tiltaka skal koma alle lokale innbyggjarar og tilreisande til gode og styrkja Fitjar som eit livskraftig lokalsamfunn.

#### 4. MÅLGRUPPER

Her nemner me viktige målgrupper (i tilfeldig rekkefølge):

- Utøvarar av tradisjonelle friluftaktivitetar
- Sportsutøvarar (fleire greiner)
- Jegrar og sportfiskarar
- Born; små og store
- Ungdom i ulike aldrar og grupperingar
- Skuleelevar
- Ulike almenne grupper
- Foreningar og lag
- Besøkjande
- Kunnskapsutvikling (geologi, botanikk mm)
- Næringsbasert matvareproduksjon
- Næringsbasert service ol.

#### 5. BASISPRINSIPP FOR PRIORITERING AV TILTAK

- Tiltaka skal vera spesifikt forankra i fjell-lokasjonen. Dvs. at tiltak som like gjerne kan lokaliserast i bygdo, fell utanfor
- Tiltaka skal i størst mogleg grad lokaliserast ved/med utgangspunkt Olstjørno-området. Dette av omsyn til trafikk, terrenginngrep og driftsøkonomi
- Den delen av Fitjarfjellet som er urørt av vindmølleparken, skal i størst mogleg grad forbli urørt av utbyggingar, -men gjerast tilgjengeleg for naturopplevingar
- Tiltak skal rettast mot ulike almenne grupper (i alle aldersgrupper og funksjonsnivå)
- Ansvar for investering og drift skal kunna definerast for kvart enkelt tiltak
- Kombinerte løysningar/sambruk både ved investering og drift bør søkjast
- Forslag til tiltak skal forankrast i eksterende lag og organisasjonar der dette er naturleg (FIL, Stord/Fitjar Turlag mfl)




*Utsyn mot Olstjørn. Foto: Stein Erik Gilje, Midtfjellet Vindkraft*

Tilrettelegging for auka bruk av Fitjarfjellet bør sjåast i eit folkehelseperspektiv. Lettare tilgang til området for folk flest vil vera positivt. Dette vil generelt sett bidra til å utjevna sosiale helseulikskapar. Nære, lett tilgjengelege friluftsområde, lågterskelaktivitetar, tilrettelegging for funksjonshemma, låg kostnad for deltaking er stikkord som me må ha med oss vidare i all konkret planleggjing.

## 6. OMRÅDEAVGRENSING

Tiltaksområde i denne rapporten skal i hovudsak knytast til fjellsameige sin grunn. I nokre tilfelle kjem me imidlertid inn på tiltak som også gjeld tilgrensande areal.

Nedanfor er vist gjeldande reguleringskart for området. Det er henta frå Midt fjellet Vindkraft AS si nettside.



Illustrasjonen er henta frå Midt fjellet Vindkraft si nettside



*Foto: Stein Erik Gilje, Midtfjellet Vindkraft*

## 7. TILTAK/AKTIVITETAR SOM ER VURDERTE

### 7.1. Flytting av vegbom til Olstjødno

NVE sitt konsesjonsvedtak, gjeldande reguleringsplan og avtale mellom Midtfjellet Vindpark AS og grunneigarane for vegtraséen for tilkomstvegen, legg opp til at tilkomstveg og internvegar skal vera stengde for allmen motorisert ferdsel. I tråd med dette er det sett opp vegbom ved Rimbareidfeltet. Etter gjeldande ordning kan berre konsesjonshavar og grunneigarane i område nytta vegane til motorisert ferdsel i samband med utøving av næringsforankra transportbehov. Ålmenta kan ikkje fritt nytta vegsystemet til motorisert ferdsel.

I dei dialogar som har vore med lag og organisasjonar, har det kome fram samstemt ynskje om at vegen opp til Olstjødno vert opna for vanleg biltrafikk og at vegsystemet vidare i fjellet vert regulert med bom i samsvar med konsesjonsvedtak og gjeldande reguleringsplan. På den øvrige delen av vegnettet vert det då framleis ikkje høve til ålmenn moterisert ferdsel. Konsesjonshavar og grunneigarane vil imidlertid ha høve til å nytta vegen i næringsssamanheng og det vil vera naturleg at konsesjonshavar fastset opplegg for bruk for andre ved særlege høve, eksempelvis fellestransportar av ulike slag, herunder spesielt for grupper med nedsett funksjonsevne.

Denne endringa av bruk av tilkomstvegen fram til Olstjødno vil vera heilt avgjerande for å kunne nytta fjellområdet til dei fleste av dei tiltaka som er nemnde i denne rapporten.

Den aktuelle vegstrekningen som me ynskjer å opna for vanleg biltrafikk, er ca 2,5 km. Den startar ca 60 meter o.h. og endar på ca 280 meter o.h. Endepunktet ved Olstjødno ligg høgt nok til at ein har snø og istilhøve vesentleg lenger enn nede i Fitjarbygda. Samstundes vil ein her ha eit veileigna startpunkt for vidare turar i Fitjarfjellet enten ein ynskjer å søkja den nordre delen der vindmøllerparken ligg,- eller ein vil ta seg inn i den søndre delen av fjellheimen med urørt fjellterreng heilt til ein møter naturlandskap og bebygde område i Stord kommune.

I Fitjar kommune er høgste opne veg no på Sæterbø med endepunkt ca 160 m o.h. Her er tilrettelagt for parkering, men det er relativt langt frå dette punktet til ein kjem inn i høgfjellet. Ved Dalshaugane er det også tilrettelagt parkeringsplass. Også her er det lang avstand å gå i ganske myrlendt terreng før ein kjem inn til Ytste Sørivatnet som ligg på 248 m o.h. Til samanlikning ligg høgste opne køyrbare tilkomst til fjellet i Stord kommune på knappe 400 m o.h. (Hellesætertjødno).

Flytting av vegbommen må sjølvsagt underleggjast lovbestemt prosedyre for endring av reguleringsplan, og konsesjonshavar må ta opp spørsmålet parallelt med NVE og be om justering av konsesjonsvilkåret på dette punktet. Men før ein kan setja i gong desse prosessane, må Midtfjellet Vindkraft AS i samarbeid med Fitjar kommune framforhandla naudsynt endring i avtale om grunn til tilførselsvegen der det no er føresett at bommen skal stå nede ved Rimbareidfeltet.

I den planprosessen som var framfor utbyggjinga av vindmølleparken var ein merksam på at opning av nedste del av vegsystemet kunne bli ei aktuell problemstilling.

Plandokumenta viser at spørsmålet om allmen bruk av veggen vart vurdert. Allmenn moterisert ferdsel på *heile* vegsystemet ville innebera vesentleg negative konsekvensar både for drifta av vinnmølleparken og for oppleving av gjenverande friluftskvalitetar og for fauna og beitedyr.

Me meiner denne overordna vurderinga bør bli ståande. Det vart imidlertid ikkje gitt noko eksplisitt grunngjeving for å setja bommen ved Rimbareidfeltet. Slik me ser det no, bør bommen flyttast til Olstjødno. Dette vil ikkje stri mot dei vurderingane som vart lagde til grunn for utbyggjinga, tvert imot kan ein seia at allmenn bruk av bilveg fram til Olstjødno-området og ordna parkeringshøve der vil vera ein føresetnad for å kunna nytta dei fleste muligheter Fitjarfjellet no kan by på. Det er tale om å nytta ein veg som alt er bygd og som uansett vil ha ein del motorisert ferdsel. Trafikken vil ikkje koma inn i kjerneområda for friluftsopplevingar korkje i vindmølleparken eller i øvrige deler av Fitjarfjellet. Køyremulighet med privat bil til Olstjødno-området vil bety svært mykje for mange brukargrupper.

Vidare sakshandsamingsprosedyre:

- Endring i avtale mellom Midtfjellet Vindkraft AS og veg-grunneigarar på Rimbareid
- Endring i reguleringsplan for Midtfjellet Vindpark
- Endring i konsesjonsvilkår fastsett av NVE

## 7.2. Aktivitetssenter ved Olstjødno-området

I Olstjødno-området bør ein tilretteleggja for fleire fjell/vinterbaserte aktivitetar. Me nemner spesielt:

- Lysløype ca 2,5 km.

Denne bør byggjast etter etablert standard for turløyper (ski). Jfr. "VEILEDER: Tilrettelegging av turveier, løyper og stier" Utgitt av Kultur- og Kyrkjedepartementet. Vinterstid vert det preparert skiløype her. Elles vanleg turløype. Konkret val av trassé må skje i samband med detaljprosjektering. Med dette tiltaket fylgjer behov for løypemaskin og snøkanon. I området har me lokalisert veleigna plass for 50 m skytebane som kan nyttast ved skiskyting.

- Akebakke/liten slalåmbakke

I området ligg det naturleg tilrette for å laga ein enkel akebakke som bør kunna kombinerast med ein liten slalåmbakke.

- Enkelt skitrekk

I tilknytning til akebakke/slalåmbakke bør ein byggja eit enkelt skitrekk. Det finst gode og velprøvde opplegg for dette, feks "skitau" levert frå Uglum Maskin, Sogndal. Både installasjon og drift må tilfredsstillande gjeldande krav til tryggleik. Ein bør finna plassering som er slik at "skitauet" kan nyttast både til akebakken og slalåmbakken, - og for dei som berre vil vinna høgde for vidare skiturar høgare til fjells.

- Skeisebane

Skeising bør foregå på vatn med naturleg frosen is. Me gjer såleis ikkje framlegg om kunstisbane. Ein eventuell kunstisbane bør plasserast meir sentralt i Fitjarbygda der fleire lettare kan nå eit slikt anlegg.



Kidnevatnet, Midtvatnet, Svartavatnet.  
Foto: Stein Erik Gilje, Midtfjellet Vindkraft

Ein bør undersøkje om den naturlege isen på Olstjødno kan nyttast til skeising og andre friluftaktivitetar. Det er mogeleg slik bruk kan koma i konflikt med at vatnet vert nytta som inntaksdam for småkraftverket på Rimbareid. I vindparken vil der elles vera ei rad andre vatn som får fin naturleg skeiseis vinterstid. Det bør utviklast eit organisert opplegg for bruk av eit par slike vatn til skeising og annan leik på is (styrkemåling av is, enkle banehjelpemiddel mm).

- Båt i Midtvatnet

Det har kome fram ynskje om å få på plass ein liten båt i Midtvatnet som også kan nyttast av rørslehemma. Ein båt her vil gi mulighet for ei flott oppleving på eit fjellvatn, og her vil òg vera råd å fiska etter fjellaure. Det vil vera behov for å tilretteleggja ei bryggje/flytebryggje for å sikra god og sikker ombord- og ilandstiging. Biltransport inn til Midtvatnet må skje på dispensasjonsvilkår langs eksisterande veg. Me tek dette positive tiltaket med i framlegg til endring av reguleringsplan. Spørsmål om ansvar for utbygging og drift må ein koma tilbake til under marsjen.

- Feltskytebane

Fitjar Skyttarlag har teke opp spørsmål om å etablere ein liten feltskytebane. Til dette trengst nokre standplassar og sikkert nedslagsfelt. I seinare år har skyttarlaget nytta skogsområde på Rydland til feltskyting. Dei meiner eksisterande ordning er lite tidsmessig, og dei vil i alle høve sjå seg om etter ny lokalitet. Me har sett på eit område ved utløpet til Midtvatnet. Her kan ein praktisk talt uten investeringar nytta vegskuldera som standplass, og nedslag kan vera på motsett side av vatnet med Kidnofjellet som bakgrunn. Etter det opplyste vil ein god feltskytebane styrkja laget sin mulighet til å arrangera skyttarstemne. Fitjar Skyttarlag er eit aktivt lag, og dei tek i desse dagar i bruk den nye skytebanen ved Årskog. Det vert vidare opplyst at ein feltskytebane berre vil bli brukt til stevner nokre få gonger i året i perioden april-november, men utanom den tida det er beitedyr på fjellet.

Såleis vil det så vidt me kan sjå, bli lite brukarkonfliktar, men dette spørsmålet må vurderast konkret i samband med revisjon av reguleringsplanen.

- Sykkelløyper

Det 22 km lange vegnettet er òg velegna for sykling, og det vil nok bli mykje nytta. Me vil tru at det i liten grad vert brukskonfliktar med turgårar her sidan vegane er romslege og området stort. Frå det lokale sykkelmiljøet har det kome





eit innspel om å tilretteleggja for å arrangere eit årleg terrengsykkelritt.

*”MØLLERITTET – vestlandets største grus-og motbakkeritt”*

Her tenkjer ein seg at rittet startar ved Kulturhuset, -vidare til Årskog og opp langs trasseen for SKL si kabelgrøft, – rundt heile Vindmølleparken fram til B32 ved Landa og (ny) terrengsykkelveg derifrå ned til Landa – tilbake til målområde ved Kulturhuset.

Denne ideen må me arbeida vidare med og avklåra i reguleringsamanheng, men først og fremst må ein finna ein eigna trasse for ny sykkelveg og avklåra denne med aktuelle grunneigarar.

Utfrå det me ser frå andre sykkelritt, kan det her liggja eit stort og interessant potensiale for Fitjar.

- Tilrettelegging for bading i fjellvatn

Dette kan ein få til med enkle midlar. Ein bør peika ut eigna område i eit par fjellvatn. Her er det truleg nok å berre få på plass nokre traktorlass med skjelsand på eigna stad. Me vil vurdera om det er behov for å ta dette med i reguleringsamanheng. Det må leggjast tilrette for bading for personar med nedsett funksjonsevne.

- Naturleikeplass

Ein eventuell naturleikeplass for born bør etter vårt syn heller liggja i lågare strøk og nærare Fitjarbygda. Fitjarfjellet skal sjølsagt òg vera retta mot born. Det bør ein ivareta på den måten at ein i tilknytning til ulike installasjonar også tilrettelegg for aktivitar for born der dette er naturleg.

- Langhus

Medlemmer i Grunneigarlaget har teke til orde for å planleggja plass for eit Langhus plassert slik at ein får god utsikt over Fitjarbygda. I skrivande stund har me ikkje konkrete haldepunkt for kva funksjonar eit slikt bygg/tun skal ha, men etter alt å døma bør ein tenkja servering/turisme. I framlegg til revidert reguleringsplan tek me med eit høveleg areal til føremålet. Området ligg inntil den nye tilkomstvegen og det er trekt så langt mot vest at ein oppnår god utsikt.

- Oppstillingsplass for bubilar

Ein bubilbrukar har kome med denne ideen. Han viser til at organiserte oppstillingsplassar finst i mange kommunar både til fjells og ved sjøen.

Ein eventuell bubiloppstillingsplass i fjellet bør ikkje samlokaliseras med dei øvrige aktivitetane som me tilrår i Olstjøndno-området då me lett kan få kryssande brukarinteresser. Skal ein laga ein eigen oppstillingsplass med opplegg for vatn, avløp, straum og sanitæranlegg, vil det etter alt å døma bli såpass kostbart at det vanskeleg kan forsvarast økonomisk. Bubiloppstillingsplassar bør leggjast til lokalitetar der investering og drift/tilsyn kan samordnast med andre forretningsmessig baserte aktivitetar. Me tek ikkje denne ideen med i det vidare arbeidet med Tiltaksplan.



*Utsyn mot vest, frå Midtfjellet. Foto: Stein Erik Gilje, Midtfjellet Vindkraft*

Me ser for oss at alle ovanfor nemnde *tilrådde* tiltak og aktivitetar kan samlast og leggjast til Olstjødno-området. Her kan ein då oppnå fleirbruk av naudsynte service-fasilitetar:

- Parkeringsplass
- Servicebygg med plass for
  - Varmestove
  - Køyrebu for skitrekkoperatør (truleg eige litte bygg/skur)
  - WC
  - Kiosk/servering
  - Diverse teknisk utstyr
- Stor gapahuk/scene

Frå fleire hald, m.a. Fitjar kyrkjelege fellestråd, er det fremja ein ide om å setja opp ein ”gapahuk på ca 60 m<sup>2</sup> som inneheld golv, tre vegger og tak, gjerne i grove materialar. Det bør vera tilgang på strøm (for lyd og lys) og eit enkelt toalett. Fitjar sokneråd har saman med Turlaget i Fitjar gjennom mange år arrangert friluftsgudsteneste ved Svartavatnet 2. pinsedag, der mange har delteke. Dette er eit tiltak som er svært vèravhengig, men på fine dagar er ei flott oppleving. Bygget bør plasserast slik at forsamlinga sit ute i ein skråning (amfi) med utsikt over Fitjarbygda og øyane. Ein ser gjerne at bygget og området ikring kan nyttast til ulike føremål, som konsertar, temasamlingar, foredrag og liknande. Slik at aktørane sit tørt under tak ved ulike vèrforhold. Håpar dette kan takast med som eit innspel, og me stiller gjerne opp saman med dåke for å finna den beste plasseringa for dette tiltaket”.

Også dette ynskjet bør me prøva å innfri, og ideelt sett ville naturleg plassering vera Olstjødno-området for å oppnå størst mogeleg grad av fleirbruk av servicefasilitetane her. Etter vårt syn vil dette behovet imidlertid bli best dekkja ved at me tek det inn som ein integrert del av det me i denne rapporten kallar Utsiktspunkt. Sjå pkt 10 nedanfor.



*Foto: Stein Erik Gilje, Midtfjellet Vindkraft*

Ved den samlokaliseringa av tiltak som framlegget her inneber, oppnår me fleire føremoner:

Det vert kort avstand til Fitjarbygda, ein unngår stor biltrafikk lengre inn i Vindmølleparken med dei ulemper dette ville hatt for dyreliv, friluftsliv og drift av vindmølleparken. Dessutan kan me her nytta vidare ein del av dei investeringane som alt er gjort på riggtomta (planeringsarbeid, grøfter, kabelnett, kloakksystem mm). Sjølve brakkeriggen skal etter det som vert opplyst, rivast når anleggsarbeidet er ferdig. Det vert altså då tale om å byggja opp nye installasjonar som er direkte tilpassa dei føremål som no skal stettast.

## 8. TILTAK FOR TURGÅARAR

- Gapahukar/rasteplassar/grillpunkt/kvilebenker/sikringsbuer

I vanleg fjellterreng er det lite behov for slike installasjonar. Dei fleste fjellvandarar søkjer urørd natur, og dei ordnar seg med ly på naruren sine premisser.

Vindmølleparken vert eit *uvanleg* høgflellsområde med eit omfattande vegnett, som er fritt tilgjengeleg for turgåarar. Funksjonshemma og grupper vil også i stor grad kunna nytta vegnettet med motoriserte køyretøy (på nærare definerte vilkår). Me trur at vindmølleparken vil bli mykje nytta både av lokale folk og av tilreisande.

Med slik intensiv bruk vert det behov for tilrettelagde løysingar for WC, ly, avfallshandtering mv. Alt no bør ein laga ein plan for slike installasjonar.

Planleggjing, utbygging og drift av dette må også avklarast mellom Midtfjellet Vindkraft AS, Fitjar kommune og Grunneigarlaget.

- Turveggar og turmål

Tidlegare turstiar (kyrkjevegen, buvegen og den DNT-merka turstien som startar ved Årskog) vert alle kryssa av dei nye vegane. Utbyggjar av Vindparken har ansvar for at kryssinga vert gjort på best mogeleg måte sett frå brukarsynsstad.

Stord/Fitjar Turlag har kome med innspel om å definera ein del nye turmål, og dei vil ta ansvar for merking av turstiar til desse.

## 9. FITJARSETER

Frå gammalt av hadde Fitjargarden seter i Fitjarfjellet. Nokre tufter står enno att, men ingen nolevande hugsar bygningane eller drifta. Tuftene som enno står, vitnar om at beiteområdet har vore viktig i den tida setera vart bygd. Me veit ikkje sikkert kva dyr ein hadde på setera, men me har grunn til å tru at det var storfe/mjølkekyr og geiter, og truleg vart det kinna smør og ysta ost her som på så mange seterbruk elles i landet.

Fitjarseter ligg mellom vindmøllepunkta B22 og B23 (sjå oversiktskartet). Området ligg høgt og fritt med godt utsyn vestover. Fitjarseter har lett tilkomst frå det nye vegnettet.



*Fitjarseter. Foto: Stein Erik Gilje, Midtfjellet Vindkraft*

Grunneigarar frå Fitjargarden har no kome med eit innspel som går ut på at dei kan tenkja seg å påta seg gjenreising av Fitjarseter. Dei må i tilfelle få på plass eigen avtale med Grunneigarlaget om dette sidan setera ligg på sameige grunn.

Her i denne Tiltaksplanen nøyer me oss med å nemna saka, og me tek problemstilliga med i regulerings saka og får vurdert der om tiltaket treng særskilt handtering i høve til føremålsdefinisjon på kartet og i føresegner.

Generelt vil me seia at gjenreising av Fitjarseter ville vera eit kjærkome tiltak i Fitjarfjellet no. Det ville minna oss om vår nære historie. Dersom Fitjarseter vert gjenskapt på dei gamle tuftene, bør drifta der vera slik at den vert alment tilgjengeleg. Eit "privatisert" hyttetun i dette området er ikkje ynskjeleg.

Rimbareidgarden hadde si seter inst ved Svartavatnet. Også her finn me gamle tufter. Desse ligg i nedslagsfeltet for drikkevandet, og her bør ein ikkje planleggja tiltak som aukar risiko for ureining, men ein bør setja i stand dei gamle murane.



*Punkt B12 med utsyn. Foto: Stein Erik Gilje, Midtfjellet Vindkraft*

## 10. UTSIKTSPUNKT/SAMLINGSSTAD

Det er mange område i Vindmølleparken med storslegen utsikt. Spesielt kan me nemna områda rundt B23, B20, B29, B46 og B12. Alle desse punkta og fleire andre kan ein ta seg fram til via vegsystemet -eller ein kan gå i terrenget utanom vegsystemet.

Men på eitt av desse utsiktspunkta ville det vera fint om me kunne gjera noko spesielt, og aller helst bør me då kombinera bruk til fleire formål:

Frå idegruppa samlar me desse innspela:

- Visningsmølle
- Romsleg, enkelt, spektakulært bygg i glas og stein der ein kan nyta utsikta, samla mindre grupper til spesielle opplevingar, søkja ly
- Eit uterom tilknytt dette bygget der ein kan samla større grupper
- Området må tilretteleggjast med sanitæranlegg, parkering for fellestransportmiddel m.v.

Me ser for oss at motorisert tilkomst til området berre skal kunna skje med organisert (felles)transport.

Området må utformast og tilretteleggjast slik at me kjenner oss stolte når me tek med oss gjester hit og viser utsynet over Fitjar med det nære øyriket.

Som nemnt, kunne dette utsiktspunktet vera på så mange plassar i området, men om me berre skulle velgja eitt punkt, vil punkt B12 vera eit naturleg og godt val. Utsikta er storslegen: Fitjarbygda og grendene ikring, det nære øyriket med deler av Bømlo, Fitjarøyane, Selbjørnsfjorden, Austevoll mv, - like eins det spesielle vestlyset som er så karakteristisk for Fitjar. Området rundt er romsleg, og ytterlegare opparbeiding og tilretteleggjing kan gjerast utan altfor store inngrep og kostnader. Vidare er avstanden til bommen liten og det inneber minst mogleg trafikkbelastning inn i Vindpark-området. Endeleg nemner me at det går sti frå Fitjarstølane fram til dette området.

Me gjer framlegg om at ein her tilrettelegg eit utsiktspunkt som kan vitjast under varierende vertilhøve. Då bør ein vurdera eit enkelt bygg i glas og stein som kan romma 50-100 besøkjande, og eit uteareal som også har ein viss ly for dei verste vindane. Me ser for oss at dette anlegget skal nyttast som utsiktspunkt for enkeltpersonar og grupper, ulike friluftsbaserte samlingar (møte av ulike slag; kulturelle framføringar, religiøse møte, rokkekonsertar ol). Her bør ein òg tilretteleggja for bruk i opplæringsamheng. Eit stikkord for dette anlegget er FLEIRBRUK.

Anlegget må ha romsleg parkering, WC, el. forsyning, breidband osv.

Ein bør vurderer om dette anlegget kan sjåast i samanheng med visningsmølle. Dette vil styrkja prinsippet om FLEIRBRUK ytterlegare.

Anlegget må ha universell utforming.

Ansvar for utbygging og drift må avklårast i dialogar først og fremst mellom Midtfjellet Vindkraft AS, Fitjar kommune og Grunneigarlaget.

Dette tiltaket må handterast i reguleringsplanssamanheng, og det vert teke med der ved å reservera eit område kring B12 til føremålet.

## 11. OPPVARMA BASSENG

Johannes Nesse (tidlegare styremedlem i Fitjar Kraftlag) har ved fleire høve teke til orde for å laga eit oppvarma basseng i Vindmølleparken. Ideen er å nytta spillvarme frå trafo-anlegget til oppvarming av badevatn.

Me har gått nærare inn på denne ideen no, og me har hatt fleir dialogar herunder ei synfaring til eit uteanlegg i Stavanger som er oppvarma etter same prinsipp (Gamlingen).

Me skal ikkje her gå inn på dei mange tekniske spørsmåla som etablering av eit slikt anlegg reiser, men berre konstantera at det vert spillvarme nok til til å varma opp vatn og at det finst teknologi som kan varma vatnet og sirkulera det til eit basseng. Kanskje må ein supplera litt med varmepumpevarme.



*Eit segment av utsynet frå nedanfor punkt B25. Foto: Stein Erik Gilje, Midtfjellet Vindkraft*

Med dette som utgangspunkt har me hatt synfaringar i området i nærleiken av trafo-anlegget og me har funne fleire alternative plasseringar. Eitt alternativ peikar seg ut som den klårt foretrukne plasseringa sett frå eit opplevingssynspunkt. Her vil ein kunna liggja i oppvarma ute-basseng og ha utsyn i sektoren frå sør for Sigjo, Fitjarøyane, Austevoll, Bergensfjella, Fusa, Tysnes, Folgefonna og Rosendalsfjella lengst i aust.

Etter vår vurdering bør ein prøva å finna ei etter måten rustik løysing på sjølve badeanlegget slik at det kan vera ope og i bruk året rundt og utan at ein treng ha organisert vakthald, -heller ikkje billettsal. Tankegangen er slik at dei som tek seg inn heilt til denne delen av Vindmølleparken, vert løna med høve til å ta seg eit varmt bad i spektakulære omgjevnader.

Her vil fjellvandrar og turgåarar få høve til ei heilt spesiell badeoppleving med utsyn utan sidestykke.

Anlegget kan vera lite, men likevel stort nok til at ein kan symja. Kanskje er ca 12,5 m lengde nok. Det bør vidare vera WC/dusj og mulighet for kledsskifte.

Anlegget må ha universell utforming.

Eit slikt anlegg vert tungt integrert i Midtfjellet Vindkraft AS sine installasjonar i området og dei bør såleis ha ei nøkkelrolle både i utbygging og drift.

Eit slikt tilbod i fjellet vil vera heilt spesielt og for utanforståande, - ganske uventa.

## 12. EKSTREMVERSOPPLEVING

Vinden kan vera utfordrande på fleire stader i Vindmølleparken. Ja, under visse omstende direkte fårleg. Me set her fram ein idè om å skapa ei ekstremver-oppleving av vinden. Kan til dømes vinden strupast og gje kraft til kontrollert flukt i ein slags tunnel? Tanken om å laga ei ekstremversoppleving bør me i alle fall ha med oss vidare...

## 13. KVALITET - GJENKJENNING – SÆREIGE DESIGN

I Vindmølleparken produserer ein fornybar energi.

Me bør ha ein visjon om at ei vitjing i Vindmølleparken skal opplevast som ei fornying for kropp og sjel.

Dette krev høg kvalitet på alt ein ser og opplever der. Vegane og øvrige anlegg vert tilpassa terreng i stort mon, og alle sår frå anleggsperioden vert lekte. Dei innstallasjonar og inngrep ein gjer i tillegg til sjølve vindmølleanlegget, bør fylgja same prinsipp: God terrengplassering, nøkternt, - men stilfull, - kanskje litt uventa utforming.



Foto: Stein Erik Gilje, Midtfjellet Vindkraft

Vindmølleprosjektet er framtidsretta. Øvrige installasjonar i parken bør også bera bud om fornying og framtidsretting, - i utforming, i materialbruk, i val av teknologi mv.

Ei slik tilnærming viser behovet for å utvikla eit gjennomgåande design på alle installasjonar. Eit godt, gjennomgåande design vil, kanskje umedvite, - styrkja opplevingane ein får i området; - Ei oppleving av framtidsretting.

## 14. SJØLBETJENT TURLAGSHYTTE

På Stordøya har me ikkje sjølvbetent turlagshytte i DNT-regi. Fleire har vore inne på at ei sjølvbetent turlagshytte ville vera positivt for fjellvandarar her. Ei slik hytte bør slik me ser det, eventuelt plasserast utanfor Vindmølleparken og tiltaket fell slik sett utanfor ramma for denne rapporten. Me meiner imidlertid at ei DNT-hytte i den uberørte delen av Fltjarfjellet kan vera positivt, og eit slikt tiltak kunne kanskje sjåast i samanheng med det arbeidet som no er i gong for å få til eit DNT-tilbod på Bømlo. Initiativ og eventuell gjennomføring må her koma direkte frå brukargruppene.

## 15. SKILTING – OPPDATERING AV TURKART

Det vert behov for omfattande skilting i området. Det meste av dette fell direkte inn under Midtfjellet Vindkraft AS sitt ansvarsområdet. Det er sjølv sagt viktig at ein her nyttar etablerte skiltstandardar. Stord/Fitjar Turlag og Friluftsrådet Vest bør konsulterast.

Ein del tur- og orienteringskart må oppdaterast som fylgje av utbygginga.

## 16. NYDYR KING PÅ BLEKJE

I mange år har det vore tankar om å dyrka eit større område rundt Olstjødno og på Blekje. Blekje ligg sørvest for Olstjødno. Det området som ein reknar med har bonitet god nok til fulldyrking, er om lag 400 dekar. Det bør utførast systematisk bonitetsanalyse i området. Ein må søkja å unngå brukskonfliktar med dei aktivitetane som vert planlagde i Olstjødno-området. Me kan ikkje sjå at nydyrking på Blekje vil koma i konflikt med dei to vindmøllene som kjem i området. Organisering og gjennomføring av nydyrking er ei sak som Fitjar Grunneigarlag må handtera, herunder etablering av naudsynt avtaleverk mellom dei partane som deltek.

I revisjonen av reguleringsplan vil me setja av det aktuelle arealet med Reguleringsføre mål Landbruk (areal basert på bonitetsanalyse).

## 17. ØKONOMI OG ANSVAR

Som nemnt i innleiinga av denne rapporten, tilfører vindenergien økonomiske midlar til vindkrafteigar, grunneigarar og Fitjar kommune. Det er naturleg at desse aktørane har ei viktig rolle i dei vidare prosessane om planleggjing, utbygging og drift.

I val av konkrete løysingar og organiseringar vert det viktig også å ta omsyn til kva økonomiske tilskot ein kan få frå ulike hald. Her er mulighetene mange, men me går ikkje nærare inn på dette i denne omgangen.

Me må heller ikkje gløyma vår eldgamle dugnadsånd. Denne ballen spelar me over til brukargrupper og andre i nærmiljøet som ser nytte av desse tiltaka.

Ein må gå nærare inn i prosjektkalkylar, organisering, behov for midlar til investering og drift, finansiering m.v. for kvart einskilt prosjekt etter kvart som realiseringa nærmar seg.

## 18. OVERSYN OVER LAG, ORGANISASJONAR OG ANDRE SOM HAR BIDREGE TIL DENNE RAPPORTEN

Fitjar Grunneigarlag	Fitjar kommune
Midtfjellet Vindkraft AS	Fitjar kraftlag
Fitjar Idrettslag	Stord/Fitjar Turlag
Friluftsrådet Vest	Fitjar Bondelag
Råd for funksjonshemma	Fitjar Skyttarlag
Fitjar kyrkjelege fellesråd	Aksjonsgruppa for vern om Fitjarfjellet

## 19. REVISJON AV REGULERINGSPLAN

Mange av dei tiltaka som er nemnde i denne rapporten, må forankrast i ein ny, revidert reguleringsplan for området. I planrevisjonen vil ein òg visa aktuelle område for dyrking og anna landbruksbasert verksemd. Revisjon av gjeldande reguleringsplan må skje i regi av planeigar som er Midtfjellet Vindkraft AS. Me legg opp til eit nært samarbeid om planrevisjonen mellom Midtfjellet Vindkraft AS, Grunneigarlaget og Fitjar kommune der ein i naudsynt grad vil søkja å innarbeida dei tiltaka som er prioriterte i denne rapporten.



*Foto: Stein Erik Gilje, Midtfellet Vindkraft*